



Reknes Byggjevarer LL  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9255 - 22/68344

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.09.2022

## **Vedkomande status i byggesak som gjeld infrastruktur - gbnr 214/41 Fyllingsnes**

Vi viser til søknad om rammeløyve for infrastruktur innanfor reguleringsplanen for Nystøltunet journalført mottatt 08.05.2020, møte i saka 14.09.2020 og telefonsamtalar i dag med Heine Fyllingsnes frå Nystølen Eigedom AS (iltakshavar) og Egil Sagstad frå Reknes byggjevarer LL (framtidig ansvarleg søkjar) om status/framdrift.

I møtet 14.09.2020 vart det avtalt at revidert søknad skulle sendast inn når utsleppsløyve låg føre. Det er gitt rammeløyve for etablering av kommunalt avløpsanlegg i området, jf. vedtak datert 06.07.2022 arkivsak 21/569. Revidert søknad er ikkje mottatt.

Vi forstår av telefonsamtalar i dag at vidare framdrift i saka og behov for endringar i forhold til innsend rammesøknad ikkje er endeleg avklart. Slik avtalt med Egil Sagstad vil saka verta lagt i bero fram til 31.12.2022. Dersom vi ikkje har mottatt revidert søknad innan fristen vert saka avslutta. Dersom tiltaket seinare er aktuelt må det då sendast inn ny søknad.

Kålås Bygg AS, som framleis er registrert som ansvarleg søkjar, får kopi av brevet.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kålås Bygg AS  
Nystølen Eigedom AS

Torvhusmyrane 2  
c/o Heine Fyllingsnes  
Litlevågsbrotet 9

5913 EIKANGERVÅG  
5913 EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer LL

Masfjordvegen 187

5986

HOSTELAND